

Personvernerklæring

Oppdatert 05.03.2026

1. Innleiing

Bygdepride tek personvernet ditt på alvor og er forplikta til å handsame personopplysningar på ein forsvarleg måte. Denne personvernerklæringa skildrar kvifor Bygdepride samlar inn informasjon om deg, korleis vi brukar denne informasjonen, og korleis vi tek omsyn til personvernet ditt.

Personopplysningar er opplysningar som kan knytast til deg som einskildperson.

Styreleiaren er hovudansvarleg for vår handsaming av personopplysningar.

2. Føremål

Føremålet med å hente inn og handsame personopplysningar er å ta vare på *medlemsavtalen*¹, mellom anna å gi god oppfølging og service til medlemmer og andre personar knytte til Bygdepride.

Medlemskap i Bygdepride inneber at vi må handsame personopplysningar i ulike samanhengar, til dømes ved administrasjon av aktivitet, medlemskap, tillitsverv og som grunnlag for rapportering til offentlege styresmakter.

3. Rettsleg grunnlag

Bygdepride kan hente inn og handsame personopplysningar med heimel i *medlemsavtalen*. Når ein person frivillig melder seg inn i Bygdepride, har vi lovleg grunnlag for registrering og handsaming (handsamingsgrunnlag) av naudsynte personopplysningar.

Dersom personopplysningar skal handsamast på ein måte som ikkje rimeleg følgjer av medlemsavtalen, vil dette berre skje på bakgrunn av innhenta samtykke frå deg.

4. Innhenting og handsaming av personopplysningar

Personopplysningar vert henta inn når ein person melder seg inn i Bygdepride. Dette skjer via innmeldingsskjema på heimesida vår. Det er frivillig å melde seg inn.

Vi kan òg hente inn personopplysningar i samband med at ein person melder seg på som deltakar på eit av arrangementa våre. Dette skjer via løysinga for påmelding til arrangement. Det er frivillig å melde seg på arrangementa våre.

¹Når ein person melder seg inn i ein medlemsorganisasjon, oppstår det implisitt ein medlemsavtale.

Vi hentar inn kontaktopplysningar som namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato, kjønn og e-postadresse.

Personopplysningane er berre tilgjengelege for tillitsvalde og andre nøkkelpersonar i Bygdepride som har rettmessig behov for tilgang til desse. Konfidensialiteten er teken vare på ved at alle med slik tilgang har samtykt til teieplikt.

Du kan til ei kvar tid sjå og vedlikehalde dei registrerte personopplysningane dine via tenesta *Gnist*². I Gnist kan du òg administrere (godta eller trekkje tilbake) samtykka dine.

5. Datahandsamar

Bygdepride nyttar StyreWeb som heilskapleg løysing for organisasjonsdrifta, mellom anna til medlemsregister, innmelding, arrangement og Gnist. Det er inngått eigen datahandsamingsavtale mellom Bygdepride og StyreWeb for å ta vare på informasjonstryggleiken og rettane dine.

StyreWeb nyttar ikkje underleverandørar, og personopplysningar vert berre lagra innanfor EU/EØS.

6. Sletting av personopplysningar

For å ta vare på historikken vår vert personopplysningane dine lagra òg etter avslutta medlemskap.

Retten til å bli gløymd etter GDPR-artikkel 17 gir deg høve til å krevje at alle registrerte personopplysningar om deg vert sletta på oppmoding, så lenge vi ikkje er lovpålagde å lagre dei. Ta i så fall kontakt i samsvar med kontaktopplysningane i avsnitt 8.

7. Rett til å klage

Du har rett til å klage til ei tilsynsstyresmakt, her Datatilsynet, i samsvar med GDPR-artikkel 13(2) bokstav d.

8. Kontaktopplysningar

Har du spørsmål om personvernerklæringa vår eller om bruken vår av personopplysningar, er du velkomen til å ta kontakt.

Handsamingsansvarleg i Bygdepride er styreleiaren. Kontaktopplysningar til styreleiaren finn du på heimesida vår.

² Gnist gir medlemmen tilgang til «Mi side» via nettlesar og app på mobiltelefon